



Kenneth Bjørnevoll  
Reikeråsvegen 175  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/620 - 19/19420

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
20.06.2019

## Endring av løyve VA til hytte - gbnr 62/53 Tofting

**Administrativt vedtak:** Saknr: 368/19  
**Tiltakshavar:** Kenneth Bjørnevoll  
**Ansvarleg søkjar:** Kenneth Bjørnevoll  
**Søknadstype:** Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3/20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt løyve til oppføring av hytte, jf. vedtak datert 11.05.2018. Endringa gjeld VA-anlegg innvendig og utvendig, med slamavskiljar tilknytt privat felles avløpsanlegg.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.07.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.06.2019 og frist for sakshandsaming er 3 veker, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7 8.ledd.

### Dispensasjon

Endringa krev ikkje dispensasjon.

### Nabovarsel

For endringa er ikkje nødvendig.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 20.06.2019.

### Vatn og avløp (VA)

Vassforsyning er tenkt løyst med borehol.

Avløpet skal reinsast i privat 4 m<sup>3</sup> slamavskiljar og knytast til felles privat avløpsanlegg til sjø og ut på djupt vatn .

### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk(TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avtale om å legga leidningar og kopla til avløpsleidning på gbnr 62/53 ligg ved.

Det same gjer avtale om etablering av vassanlegg på gbnr 62/3. Tiltakshavar er medeigar i Sameiet Toftinganeset avløpsanlegg.

## **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan frå røyrleggar mottatt 20.06.2019, jf. pbl. § 29-4/SAK § 6-3.**
- 2. Vilkår som er gitt i vedtak datert 11.05.2018, administrativt vedtak saksnr. 216/18 gjeld.**
- 3. Dei private avtalene om vatn og avløp bør tinglysast på eigedommane.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld*

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Kenneth Bjørnevoll

Reikeråsvegen 175 5913

EIKANGERVÅG

#### **Mottakarar:**

Kenneth Bjørnevoll

Reikeråsvegen 175 5913

EIKANGERVÅG